

HORDALAND SIKRETSTING

Idrettens hus – Fjøsangerveien 68B

21. mai 2025



PROGRAM OG SAKSLISTE

Innholdsfortegnelse

1.	PROGRAM SKIKRETSENS TING.....	3
2.	SAKSLISTE.....	4
3.	SAKENES BEHANDLING	5
4.	STYRETS ÅRSBERETNING	8
5.	LANGRENNSKOMITEENS BERETNING.....	21
6.	ALPINTKOMITEENS BERETNING.....	43
7.	HOPP- OG KOMBINERTKOMITEENS BERETNING	44
8.	FREESTYLEKOMITEENS BERETNING	48
9.	KONTROLLKOMITEENS BERETNING.....	49
10.	REKNESKAP	50
11.	BUDSJETT 2025 OG 2026.....	56
12.	HEIDERSPRISAR.....	58
13.	VALKOMITEENS INNSTILLING.....	59

1. Program skikretsens ting

17.30 – 19.00: Fagmøter komité

19.00 – 19.30: Pause

19.30 – 21.00: Kretsting Hordaland skikrets

2. Saksliste

1. GODKJENNING AV FREMMØTTE REPRESENTANTAR
2. GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
3. VAL AV:
 - a. Møteleiar
 - b. Referent
 - c. 2 representantar til å underteikne protokollen
4. ÅRSBERETNINGAR STYRE OG KOMITEAR
5. KONTROLLKOMITEENS RAPPOERT
6. REKNESKAP
7. BUDSJETT
8. FASTSETTING AV LAGSKONTIGENT
9. HANDLINGSPLAN
10. HEIDER
11. VAL

3. Sakenes behandling

SAK 1: GODKJENNING AV FREMMØTTE REPRESENTANTAR

Vedtak:

Representantane sine fullmakter, kontrollert av skikretsstyret, godkjenner stemmeberettiga representantar.

SAK 2: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Vedtak:

A. Innkallinga godkjennast.

SAK 3: VAL AV:

A. Møteleiar

B. Referent

Bernt Rusten – Adm. sjef Hordaland skikrets

C. 2 representanter til å underteikne protokollen

.....

.....

SAK 4: ÅRSBERETNING STYRE OG KOMITEAR 2023 - 2025:

Sjå egne vedlegg 4-7

Framlegg vedtak:

Årsberetningar for perioden 2023 - 2025 godkjennast.

SAK 5. KONTROLLKOMITEENS RAPPORT

Sjå vedlegg 8.

Framlegg til vedtak:

Kontrollkomiteens rapport for tas til etterretning og godkjennast.

SAK 6 REKNESKAP 2023 og 2024

Sjå rekneskapsrapportar – vedlegg 9

Framlegg til vedtak:

Rekneskap for 2023 og 2024 godkjennast.

SAK 7. BUDSJETT

Sjå framlegg budsjett – vedlegg 10

Framlegg til vedtak:

Budsjett for 2025 og 2026 godkjennast.

SAK 8. FASTSETTJING AV KONTINGENT FOR LAGA

Framlegg til vedtak:

Kontigenten vert halde uforandra sidan sist justering i 2015, gjeldande frå 2016.

SAK 9. HANDLINGSPLAN MED ANLEGGSPLAN

Framlegg til vedtak:

Handlingsplan med anleggsplan for perioden 2025 – 2027 vert utarbeida i perioden fram til komande haustmøte med påtroppande styre og komitear og presentert til klubbane og medlemmane på haustmøtet dette år.

SAK 10. HEIDER

Utøvarprisen, Årets skiklubb og Heiderspris

SAK 11. VAL

Valkomiteens innstilling på kandidater til skikretsens styre og komitear.

Vedlegg 11.

Valkomite

Styrets framlegg til medlem i valkomiteen for perioden 2025 – 2027:

Lars Tennebekk – Loddefjord IL leiar - attval
Kjersti Brattekø – Osterøy IL medlem - attval
Elisabeth Schilbred Eriksen - Tertnes alpin medlem - ny

Framlegg til vedtak:

Føreslegne medlem i styret, komitear og valkomité for Hordaland skikrets i perioden 2025 - 2027 godkjennast av delegatane.

4. Styrets årsberetning

Vedlegg 4



Årsberetning styret Hordaland skikrets for perioden 2023-25

Visjon og verdier

Hordaland Skikrets bygger sin aktivitet på Norges Skiforbunds visjon og verdier. Disse er:

Visjon

NSFs visjon er *“mange, gode og glade skiløpere”*

Verdier:

NSFs verdier er: *“Organisasjonen skal preges av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd. All skiaktivitet skal bygge på grunnverdier som glede, felleskap, helse og ærlighet”.*

Hordaland Skikrets sine hovedmål er:

- Å skape skigleda for born og unge i Hordaland.
- Å tilby kompetanseheving for klubbane.
- Å vera ein støttefunksjon og fungere som eit bindeledd for klubbane i Hordaland for at desse skal kunne drive sin aktivitet på ein best mogleg måte.
- Å leggje til rette for våre skiløparar som ynskjer å konkurrere på et høgt nivå.
- Hordaland skikrets skal nytte sin posisjon til å påverke og fremje saker til det beste for skikretsen.

Styret:

I perioden 2023-2025 har hovudstyrets samansetning vore slik:

Funksjon	Navn	Lag
Leiar	Johan Børsheim	Ulvik IL
Nestleiar	Fredrik Hald	Bergens skilag
Medlem	Siri Titland Martinsen	Fana IL
Medlem	Hege Alfstad	TIF Viking
1. Varamedlem	Øistein Jensen	Fana IL (fast oppmøte)
2. Varamedlem	Morten Føyen	Stord IL
Leiar AK	Bård Seterås	Fana IL
Leiar HKK	*Magne Sørestrand	Eldar IL
Leiar LK	Trond Lefdal	Fana IL
Kontakt FK	*Camilla Søreide	Voss freestyleklubb

*Magne Sørestrand trakk seg frå vervet som leiar for hopp- kombinertkomiteen sommaren 2024. Etter dette vart komiteen arbeid satt på pause fram til november 2024 der valkomiteen rekrutterte Arnfinn Gjerstad Bulken IL som midlertidig leiar fram til kretstinget 2025.

*Camilla Søreide trakk seg frå vervet på våren i 24. Andre Hole Bergen Freestyleklubb har overtatt vervet som leiar i perioden frå sommaren 2024.

Hordaland skikrets fakta:

Antal klubbar: 54

Medlemstal 2023: 4834

SESONGEN 2023 - 2024

Styrearbeid

Det er avhalde 6 styremøte i perioden frå kretstinget til vårmøte i skikretsen. 5 av møta var i Bergen medan 1 møte var digitalt. Administrasjonssjef har deltatt på styremøta i lag med skiklubb utviklar.

Skikretsen arrangerte haustmøte på Scandic Voss 3. oktober med fellesdel etterfulgt av greinmøter.

30. mai arrangerte greinene langrenn og hopp og kombinert vårmøter på Voss gymnas.

Nasjonale møter:

NSF arrangert i oktober 2023 informasjonsmøte for kretsleiarar i Trondheim. Her deltok leiar Johan Børsheim. Dette erstatta det tradisjonelle haustmøtet som NSF plar arrangere. I greinene vart det gjennomført nasjonale haustmøter på ulike tidspunkt der våre greinkomitear var representert.

I juni 2024 gjennomførde NSF Skitinget med fagmøter på Scandic Havet i Bodø frå 6. – 9. juni. Her stilte Hordaland skikrets med leiar Johan Børsheim, Nestleiar Fredrik Hald, styremedlem Siri Titland Martinsen og styremedlem Hege Alfstad som våre tingdelegatar.

Skikretsen hadde eit saksframlegg til tinget som omhandla eit samla behov i NSF for å gjennomføre kostnadskutt og sterkare økonomistyring i heile organisasjonen for å kunne nå dei økonomiske måla satt av Skitinget i 2022. Dette omhandla det økonomiske fundamentet med eigenkapital for å kunne nå måla til organisasjonen. Framlegget peikte på kostandskutt og auka kontroll med økonomien, samt reduksjon av honorar til tillitsvalde som eit ledd i kostnadskutta i organisasjonen. Saka fekk ikkje konkrete resultat, men løfta allikevel fram viktige utfordringar for organsisasjonen.

Verv i NSF frå styret:

Under NSF Skitinget 2024, så vart nestleiar i styret Fredrik Hald gjenvalgt som nestleiar i Etisk komite i NSF. Medlem i styret Siri Martinsen vart valgt inn i kontrollkomiteen i NSF

Utval av saker som styret har prioritert i perioden:

- Anlegg Bergen: Styret er engasjert gjennom prosjektet 1-2-3- Ski i Bergen og har gjennom styremøte protokollført følgande: «Anleggssituasjonen i Bergen er svært beklageleg for skikretsen. Dette gjeld spesielt at det enda ikkje er arena i Bergen for å kunne arrangere tilfredsstillande lokale skirenn/arrangement for skikretsen. Bergen kommune har heller ikkje etablert eige anlegg eller område for rulleskibrukarar. I resten av landet, inkludert kommunar Bergen kan samanlikne seg med, har det i stort omfang vorte etablert slike gjennom dei siste 10 åra. Dette uroar styret i skikretsen.»
- Fordeling av Post 3 midlar i NSF. Skikretsane med styre har i samråd med NSF sentralt arbeida fram ein fordelingsnøkkel for post 3 tilskot der fordelinga mellom greinene sentralt, rekrutteringsavdelinga med skiklubbutviklarane og kretsane har vorte balansert for å sikre forutsigbarhet til arbeidet og finansieringa i NSF.
- Førebuing til flytting frå Idrettens hus – Brann stadion til Idrettens hus – Fjøsangerveien 68B. Her har det vore fleire ulike alternativ og informasjon styret har tatt stilling til på vegen fram mot flytting hausten 24.
- Arbeid med finansiering av rekrutterings- og breiddearbeidet i vår skikrets. Det er søkt på midlar frå både allmennyttige stiftingar og kommersielle aktørar for å sikre finansiering til auka aktivitet for skiklubbutviklar og rekrutteringsarbeid i skikretsen.
- Kartlegging av mulege løysingar for å sikre tilgang til varebil for å lette arbeidet til vår skiklubbutviklar og for skikretsen generelt. Styret har både kartlagt mulege samarbeidspartnarar for innkjøp av bil og finansiering.
- Styrking av Voss gymnas som vårt viktigaste tilbod for alle skigreinene i aldersgruppa 16 – 19 år. Dette arbeidet har vorte styrka dei seinaste åra og samhandlinga mellom styret og skigymnaset er godt. Laga m.a eit høyringssvar til fylket til støtte for skuletilbodet på Voss gymnas.

Administrasjon

Bernt Rusten er administrasjonssjef og har ansvar for alle fellesarrangement, nokre greinspesifikke arrangement, fellesreiser med overnatting for greinene på nasjonale renn, administrasjon av terminlister, informasjon til TD'er og klubbar, oppdatering av heimeside, administrering av kretscup, tilrettelegging av styremøte og komitémøte, bestilling av reiser til nasjonale møter, trenarkurs og diverse sekretærfunksjonar for prosjekter som skikretsen er engasjert i.

Under sesongen 2023-24, har adm. sjef deltatt og organisert:

- Etableringsarbeid med kretslag for junior i langrenn – oppstartstarbeid med budsjett, bekledning og samlingsplan
 - Arrangert sommarskiskule Jondal
 - Trener I kurs alpint Jondal
 - Kretssamling langrenn Korlevoll
 - Kretssamling Voss
-

-
- Kretssamling Stord
 - Arrangert Haustcampen Strandebarm
 - LIM Slettebakken skule
 - Rulleskiopplæring Haus skule
 - Anleggsbefaring Eikedalen mai 24 med Anne Lise Skiklubbutviklar, Bård Seterås og Stian Almeland AK hordaland, Marit Gjerland og Atle Skårdal NSF

Adm. sjef holdt innlegg på Innspelsmøte for bevaring av toppidrettsklassane på Voss gymnas og deltok med aktivitetsutstyr på opning av rulleskitrase i Erslandsparken.

Anne Lise Leiren Mastervik – vår skiklubbutviklar har gjennom arbeidet med dei 3 a'ane Aktivitet, arrangement og anlegg etablert eit godt nettverk innanfor både våre lokale klubbar og rekrutteringsavdelinga til NSF. I tillegg har Anne Lise vore med på styremøtene til Hordaland skikrets der ho rapportere fast.

Gjennom arbeidet har Anne Lise fulgt opp klubbar på henvendelsar rundt rekruttering eller anlegg og i tillegg gjennomført regionale tiltak med kurs som t.d. inspirasjonskurs barmark og freeskikurs med element av trener I alpint.

Gjennom vinteren har Anne Lise gjennomført i samarbeid med klubbane skisprell arrangement på eit uttal plassar. Sjå oversikt under andre arrangement.

I tillegg var Anne Lise med på arrangementet Barnas mini-VM på Totland - Bergen i februar.

Anne Lise har vært med på aktivitetstilbodet L-I-M (Lekser Idrett Mat) som eit lågterskel tilbod til Slettebakken skole

Anne Lise har fått god fagleg opplæring av Marianne i NSF rekrutteringsavdelingen for gjennomføring av anleggsoppfølging og har gjennom arbeidet besøkt og vært med å utarbeide faglege rapportar til anlegga på Voss ski og tursenter, Drevtjørn og Totland.

Økonomi og sponsorarbeid

Skikretsen har i 2023 hatt ein føreseieleg økonomi og har etter eit bevisst overforbruk for året 2022 for å stimulere rundt aktivitet etter år med korona og aktivitetsbegrensingar for 2023 gått meir i ei normal drift der investeringsmidlar frå sponsorar og andre driftsmidlar har balansert seg ut.

For rekneskapsåret 2023 gjekk skikretsen totalt med eit plussresultat på 36175,- Dette går til eigenkapital som lyder 1 116632,- ved utgangen av 2023.

Inntektene til skikretsen har bestått av tilskot frå skiforbundet, sponsorar(stor auke i 2023 gjennom etablering av kretslag i langrenn), medlemskontigent frå klubbane, særkretstilskot, tildelt pott av overskot frå bingoentreprenør Max spill AS og momskompensasjon (NIF) basert på skikretsens omsetningstal. Skikretsen har inntekter på antal startande løparar i terminfesta renn. Dette vert fakturert rennarrangørane som deltakaravgift. Dette er midlar som går direkte til dei aktuelle greinkomiteane.

Skikretsen har gjennom etablering av kretslag i langrenn fått fleire langsiktige sponsoravtalar som har gjeve forutsigbarhet for denne satsinga og har styrka skikretsen sitt totale tilbod i eit kommersielt samarbeid. Dette har tidlegare år vore meir knytt til enkeltprosjekt og ikkje gjeve fleirårige effektar som årets avtalar vil gjere.

Arrangement

Hordaland skikrets har vore arrangør og medarrangør på fleire ulike arrangement i inneverande periode. Her kan nemnast:

- Sumarcamp Jondal
- Haustcamp Strandebarm
- Breiddesamling Stord
- Felles smørjeopplegg KM Totræna og Viljarrennet
- Barnas mini-VM Bergen



Haustcampen flytta til Strandebarm, som viste seg å vere eit godt alternativ til Bømoen.



Barnas Mini-VM vart ein inspirerende skikveld i Bergen.

Nasjonale arrangement i skikretsen

Hordaland skikrets har gjennom sesongen 2023-24 vore vertskap gjennom dei dyktige klubbane våre for fleire nasjonale konkurransar og meisterskap.

- Eldar IL arrangerte i februar 2024 NC hopp i Bavallen. Rennet markerte også nyåpning av anlegget med ny slette og bakkeoppgradering.
- Voss alpin arrangerte FIS renn i alpint over 3 dagar i Bavallen mars 24 med to renn i storslalåm og eitt i slalåm.
- Nor Freeskicup big air og slopestyle gjekk i Myrkdalen i mars og vart arrangert av Voss freestyleklubb.

Andre arrangement gjennomført i samarbeid med skikretsen

Skisprell - Anleggs- og aktivitetsbesøk.

I førre periode gjennomførte me fleire temakvelder med både anleggs- og aktivitetsbesøk. Dette er fulgt opp med meir målretta bruk av skisprell som konsept både på vinter og sommarhalvåret. Gjennom året vart fleire anlegg og klubbar besøkt av Anne Lise der både klubbane og skikretsen stilte med aktivitetsutstyr som vart nytta til å skape motiverande aktivitetsflater på både snø og asfalt.

Nokre av stadane klubbane våre som med bidrag frå Anne Lise har arrangerte skisprell:

- **Fjellstova - Stord**
 - **Voss ski- og tursenter**
 - **Rolland - Osterøy**
 - **Totland – Bergen**
 - **Totræna – Samnanger**
 - **Drevtjørn – Ulvik**
-

- **Maurset - Eidfjord**



Desember på Stord. Eit av dei motiverande skisprellarrangementa denne vinteren.

Utdanning/kurs

I perioden har følgende kurs- /utdanningstiltak vorte arrangert:

- Trampolinetrener freestyle september 2023
- TD og arrangørkurs langrenn webinar november 2023
- Inspirasjonskurs barmark Voss og Bergen 2023
- Trener I freestyle med alpint moduler 2024

Informasjon, marknadsføring og kommunikasjon

Styret og administrasjonens viktigste informasjonsplattformer er heimeside, e-post og Facebook. Skikretsen bruker facebook aktivt til å marknadsføre informasjon og nyhetssaker på heimesida. Skikretsen har fått ei instagramside og har også kommunisert gjennom tiktok som eit prøveprosjekt.

Gjennom skiklubb utviklar og engasjementet hennar har det vorte delt hyppig små drypp av aktivitet og det er laga mange videosnuttar, små konkurransar for våre klubbar og anna, som har gitt auka oppmerksomhet for vårt og klubbane sitt aktivitetstilbod.

Skikretsen har arrangert både vår- og haustmøte, men fellesdel kun på haustmøtet. Skigreinene har gjennomført sine fagmøter både vår og sommar.

SESONGEN 2024 - 2025

Styrearbeid

Det er avhalde 7 styremøter i perioden. 5 av møta var digitale og 2 av møta vart halde i Bergen. Administrasjonssjef har deltatt på alle styremøta. Skiklubbutiklar har deltatt på dei fleste. .

I perioden 2024-25, vart det avhalde haustmøte 1. oktober 2024 i Bergen på nye Idrettens hus – Fjøsangerveien 68B. Møte hadde ein felles del med aktuell informasjon frå skikretsen etterfulgt av at langrenn og alpint gjennomførte sine fagmøte. Kretstinget for skikretsen går onsdag 21. mai 2025.

Bulken 100 år! 2. februar 2025 arrangerte Bulken IL Bulkarennet – Jubileumsrenn for skikretsen. Styret med leiar var med på markeringa av jubileet.

Utval av saker som styret har prioritert i perioden:

- Grunnlagsarbeid for Investering i varebil for skikretsen og spesielt skiklubbutviklar. Gjennom hausten har styret sondert ulike løysingar rundt innkjøp av varebil til skikretsen både finansielt og praktisk. Dette endte i ei god løysing for skikretsen der både det finansielle med god støtte av SPV med deira allmennyttige midlar og den nye tilskotsmodellen til rekrutteringsavdelinga gav driftsstøtte for skiklubbutviklar sine reisekostnader. Dette gjorde at skikretsen kunne investere i ein VW transporter der det økonomiske grunnlaget låg til grunn for drift av vår eigen varebil.
 - Arbeid for det økonomiske grunnlaget for både skikretsen si satsing på rekruttering og breidde i alle greinene og sikre økonomisk støtte til innkjøp av bil. Kartlegging og søknadar til ulike stiftingar og søknadsbaserte ordningar for våre prosjekt.
 - Skistyret har gjennom greinkomiteane sett med uro på den store auken i lisenskostnad for utøvarane. Skiforbundet har tapt mykje på forsikringsordningen og for skisesongen 2024-25 vart det ein radikal auke i årslisens spesielt for alpint og freestyle. Dette vart tatt opp på vårt haustmøtet vårt og i samband med dette laga Stian Almeland og Truls Hanestad frå alpintkomiteen eit skriv som problematiserte rundt grunnlaget for skilisensauken og argumenta for denne. Dette skrivet vart sendt inn til NSF på vegne av skikretsen og har ikkje fått eit skriftleg tilsva.
 - Organisasjonsprosjektet NSF. Styret har sidan Skitinget satte ned utvalet som skulle sjå på vår organisering som forbund hatt gode diskusjonar rundt dette tema. Styret har sendt høyringssvar på styringsgruppa i prosjektet sitt framlegg til organisasjonsendringar.
 - I april vart det gjennomført fleire møter mellom NSF sin organisasjonssjef med juridisk kompetanse frå NSF med engasjerte og kompetente initiativtakarar som ynkste å vidareføre drifta i det konkursråka skisenteret på folgefonna i Jondal. Gjennom fleire sonderingar i styret vårt og agder og rogaland sitt, så vart begge kretsane med på eigarsida for å sikre idretten den største eigarposten i selskapet Fonna Sport AS. Med formålet non profit og idretten i førarsete har hordaland skikrets og
-

agder og rogaland gitt initiativet ein god start og gode forutsetningar for både tippemiddelfinansiering og tilgang på idretten sine tilskots- og finansieringsløysingar.

Nasjonale møter:

NSF arrangerte i oktober 2024 haustmøtene i grein som digitale møter. Kretsleiar Johan Børsheim var på eige kretsleiarmøte i mars under VM på ski i Trondheim.

Vårmøte for NSF med greinmøter er satt til 13. og 14. juni. 2025.

Administrasjon

Bernt Rusten er administrasjonssjef og har ansvar for alle fellesarrangement, nokre greinspesifikke arrangement, fellesreiser i greinene på nasjonale renn, administrasjon av terminlister, informasjon til TD'er og klubbar, tilrettelegging av styremøte og komitémøte, bestilling av reiser til nasjonale møter, trenarkurs og diverse sekretærfunksjonar for prosjekter som skikretsen er engasjert gjennom.

Gjennom sesongen 2024-25, har adm.sjef brukt ein god del ressurs på oppfølging av organisasjonsprosjektets «delprosjekt 3 – En kostnadseffektiv grenstruktur» som ein del av organisasjonsprosjektet som vart nedsatt i etterkant av Skitinget 2024. Her var vår adm.sjef prosjektassistent og la til rette for møtegjennomføring og hadde skrive og datainnsamlingsansvar for prosjektet. Arbeidet med prosjektet gjekk frå desember til mars og vart oversendt 15. mars.

Det har vore ekstra innsats rundt flytting til nye idrettens hus i Fjøsangerveien, der skikretsens materiell og arkiv vart flytta ut av gammalt kontor/lager og etablert i nye lokaler. Dette skjedde i slutten av august og byrjinga av september.

Nytt rekneskapssystem er også tatt i bruk, der noko tid har gått med til oppdatering. Dette vart gjort ved årsskiftet 2024-25.

I mars var adm. sjef på fellesmøte under VM på ski i Trondheim og fekk to innhaldsrike og flotte dagar i lag med kretskollegaer frå resten av NSF.

I april var adm. sjef i lag med skiklubbutviklar og leiar HKK på Voss og heldt eit tema - dkalogmøte for rekruttering til hopp og kombinertsporten i lag med klubbane som har hopp og kombinertaktivitet.

Anne Lise Leiren Mastervik vår skiklubbutviklar har fortsatt arbeidet med dei etablerte konseptet Skisprell, gjennomført klubbesøk, hatt anleggssynfaringar og kurs- og aktivitetsbidrag for klubbar, skular og andre. I tillegg til sine etablerte oppgåver og arbeid har Anne Lise teke aktivt initiativ til å bidrag på breiddesamlinga Haustcampen og andre arrangement som skikretsen arrangerer. Dette har vore supert for adm. sjef og motiverande samspel om oppgåver.



Transporteren gav eit løft til satsinga på rekruttering og breidde i skikretsen. Her frå skileik på Vikafjell.

I desember 2024 kom den etterlengta bilen til skikretsen – noko som har gjort kvardagen for aktivitetleverandøren vår Anne Lise mykje lettare. Lett å leggje merke til og praktisk i bruk.

Gjennom engasjement og synleggjering på våre sosiale medier og via jungeltelegrafen har etterspørsel etter rulleskiaktivitet i skulen auka, og Anne Lise har gjennomført undervisningsopplegg på følgende skular i perioden:

- Haus barneskule
- Lone barneskule
- Samnanger barneskule
- Valestrand barneskule
- Garness ungdomsskule

Gjennom skuleaktiviteten har også Anne Lise gjennomført skuleprosjekt på Oppheim i lag med Eldar IL med skiaktivitet vinteren 25.

Innanfor kurs har Anne Lise organisert og gjennomført inspirasjonskurs på Voss i lag med Viljar IL og i lag med Eidfjord og Balder freeskiklubb laga inspirasjonskurs i freeski og alpint i februar.

I april heldt Anne Lise kurs i tungt aktivitetsutstyr for klubbar som vart tildelt orgeltramp og minihopp gjennom utstyrstildeling til DNB. Her vart det halde kurs i lag med både Ulvik IL, klubbane på Voss og Bulken IL.

Økonomi og sponsorarbeid

For rekneskapsåret 2024 gjekk skikretsen totalt med eit plussresultat på 64691,- Av dette er ca 25000,- renter etter at deler av egenkapitalen vart overført til ein høgrentekonto. Dette vert lagt til egenkapitalen til skikretsen, som ligg på 1 181083,- ved utgangen av 2024.

Inntektene kjem frå tilskot frå skiforbundet, medlemskontigent frå klubbane, særkretstilskot, tildelt pott av overskot frå bingoentreprenør Max spill AS og momskompensasjon(NIF) basert på skikretsens omsetningstal. Skikretsen har inntekter på antal startande løparar i terminfesta renn. Dette vert fakturert rennarrangørane som deltakaravgift. Dette er midlar som går direkte til dei aktuelle greinkomiteane.

Skikretsen har fleire langsiktige sponsoravtalar for langrenn med kretslaget 175000,- og kretscupen 25000,-. Avtalane går over 3 år og varer til vår 2026. I tillegg har skikretsen gjennom satsing på rekruttering og innkjøp av bil skaffa 3 årige samarbeidsavtalar på 20000,-

Alpint har gjennom sitt prosjekt alpinsport for alle i rekneskapsåret 2024 fått utbetalt 100000,-. Prosjektet har fått opp mot 350000,- totalt der 250000,- også vert utbetalt i 2025. Dette prosjektet har **Sparebanken vest** gjennom sine allmenntilgjengelege midlar støtta gjennom fellessøknaden til alle våre alpintklubbar. Sparebanken vest har gjennom dette sikra både oppgradering av utstyret til alpintmiljøet og finansierte trenerressursar, kretscup og breiddesamlingar i skikretsen i både 2024 og 2025/26.

Sparebanken vest sine allmenntilgjengelege midlar finansierte også vår satsing på breidde og rekruttering gjennom støtte til innkjøp av varebil(omdisponert frå henger) på 75000,- og støtte til rekrutteringsarrangement og kurs i våre klubbar. Her er noko av midlane overført til 2025 og nyttast til våre klubb- og rekrutteringsarrangement.

Arrangement



Hautcampen har funne sin nye plass i Strandebarm og nokre fleire deltakarar var med i år enn året før. I 2025 utvidar me tilbodet att til alle mellom 11 – 15 år

Hordaland skikrets har vore arrangør og medarrangør på fleire ulike arrangement i inneverande periode. Her kan nemnast:

- Sommarskiskule i Jondal for langrennsungdomar mellom 11 – 15 år
 - Kretssamling på Voss
 - Breiddesamling på Voss
 - Hautcampen 2024 – Helgesamling med ca 30 deltakarar mellom 11 og 15 år (15 år alpint og 13 år langrenn) i alle skigreiner.
-

Nasjonale arrangement i skikretsen

Hordaland skikrets har gjennom dei dyktige arrangørklubbane arrangert følgende nasjonale renn gjennom sesongen 2024-25:

NM randonee klassisk og sprint januar – Arrangørklubb Viljar IL og Voss IL

NC Hopp Bavallen februar – Arrangørklubb Eldar IL

NM Telemark Myrkdalen – Arrangørklubb Framnes IL

Fis alpint Bavallen mars – Arrangørklubb Voss IL/Ørnar IL

NM i Big air og Slopestyle i Myrkdalen. Arrangør Voss freestyleklubb



Hans Inge Klette Viljar IL med siger og Kongepokal under NM Randonee i Myrkdalen i januar 25.

Andre arrangement gjennomført av skikretsen

Innanfor skisprell, så har følgende klubbar i samarbeid med vår skiklubb utviklar gjennomført arrangement:

- Strandebarm
 - Eldar
 - Osterøy
 - Odda/Korlevoll
 - Fana
 - Bjørgum
 - Voss
 - Viljar
 - Sædalen
-

Det er verdt å merke seg at fleire klubbar har byrja å ta konseptet Skisprell i bruk på eiga hand. Både som ein del av karusellrenn, der det vert nytta element frå skisprell og på treningar.

Skikretsen var med Eldar IL arrangerte den sær sars allsidige aktivitetdagen på Vikafjell på grensa mellom hordaland og sogn og fjordane med "Snørugby, skihopp og skileik heilt på grensa" i april. Det vart ein lavterskel suksess.

Utdanning/kurs

I perioden har følgande kurs vore arrangert:

- Trener I langrenn oktober og november
- TD og arrangørkurs langrenn m/Torbjørn Broks Pettersen Idrettens hus november
- Webinar arrangementsoppretting Isonen oktober
- Inspirasjonskurs for trenarar og ungdom Eidfjord Maurset februar
- Kurs i tungt aktivitetsutstyr april

Informasjon, markedsføring og kommunikasjon

Informasjon føregår per mail, heimeside og facebook. I tillegg nyttar skikretsen instagram der både arrangement, videoar og små kvardagshistoriar vert delte frå skikretsen og klubbane sinde aktivitetar.

Skikretsen arrangere både vår- og haustmøter I sesongen 2024-25, vart det arrangert haustmøte 30. oktober på Idrettens hus – Fjøsangerveien 68 B Kretstinget med fagmøtene for våren 2025 går onsdag 21. mai på Idrettens hus – Fjøsangerveien 68 B. Begge møtene inkluderer muligheten til deltaking digitalt for å kunne legge til rette for flest mogleg av våre medlemsklubbar å kunne delta på våre møter.

Telemarksporten driv godt!

Telemark har ikkje eigen komite i vår skikrets, men gjennom Framnes IL og Odd Inge Austevoll markerer klubben seg nasjonalt både innanfor breidde og topp.

Framnes IL har denne sesongen hatt 70 junior telemarkløpere i aktivitet. 11 av dei har vore på Norges Skiforbund Regionlag Vest og deltatt aktivt. Av desse vart 4 tekne ut til WC i Ål og til Junior-VM i Italia og her var det fleire som imponerte.

Mellom anna:

Medaljevinnarar juniorklasse:

Margrethe Alme: VM-gull teamparalell , Gull NM Sprint, Bronse NM Klassisk

Cathrine Marie Østervold: Gull NM paralell, Sølv NM sprint

Lina Gjengedal Austevoll: Bronse NM paralell

Bendik Liam Haukeland: Bronse NM Klassisk

5. Langrennskomiteens beretning

Vedlegg 5



ÅRSBERETNING LANGRENNSKOMITEEN SESONG 2023/2024

Langrennskomiteen (LK) har hatt følgjande samansetning sidan juni 2023:

Trond Lefdal, Fana IL (leiar)
Jan Erik Guldbrandsen, TIF Viking (medlem)
Emil Hosøy, Osterøy IL (medlem)
Kim Alexandra Krohn Runnane, IL Korlevoll-Odda (medlem)
Eivind Blindheim Bulken IL (medlem)

1. Komitearbeid

LK har hatt 7 møter sidan kretstinget i juni. Ellers har me hatt korrespondanse på e-post og telefon. Eivind Blindheim representerer LK si rolle i styringsgruppa i Team Elon Vest. Leiar er med i styret i skikretsen og har deltatt på styremøtene der.

2. Kurs og Samlinger

Kurs

- Inspirasjonskurs på Bulken
- TD/arrangørkurs digitalt v/Torbjørn Broks Pettersen – nov

Møter

- Haustmøte langrenn – 3. oktober 2023 Scandic Voss. Deltaking fysisk og via teamslenkje..
- Vårmøte langrenn 30. mai Bergen – Idrettens hus Brann stadion.

Kretssamlinger

Følgande samlingane vart arrangert sommar og haust 2023:

- Kretssamling Jondal – Kretslaget junior 17-20 år - juni
 - Sommarskiskule Jondal 12 – 16 års samling - juni
 - Kretssamling – Kretslaget junior 17 – 20 år Korlevoll – august
 - Haustcampen – Strandebar – alle greiner for 12 – 14 år - september
 - Kretssamling og hovedlandsrennsamling Voss ski- og tursenter 15–20 år september
 - Hovedlandsrennsamling på Fanahytten i okt - 15 – 16 år
 - Kretssamling Stord for 11 – 14 år – oktober
 - Åpen kretssamling for juniorar på Beitostølen november
-

-
- Åpen kretssamling for juniorar på Geilo desember



Nyetablert kretslag i langrenn med opningsamling på Folgefonna i Jondal juni 2023.



Kretssamling på Stord i oktober og kretslagssamling på Korlevoll i august.

3. Kretscup/skirenn


Kretscupen vart gjennomført med stort sett same mal som tidlegare år, men vart i år utvida med også inkludere aldersgruppa 8 – 12 år med ein eigen fullførtpremie til dei som deltok i 5 individuelle kretsrenn. Her var det 56 stk som tok i mot fullførd

Det vart ikkje laga ein eigen kretscup for rulleskirenn for denne sesongen. Me har hatt for lav deltaking på dei lokale renna me har arrangert og langrennskomiteen valde difor å ikkje gjennomføre denne for rulleskisesongen 23.

rens og haustens rulleskirenn. Det var for å stimulera til auka deltaking over fleire rulleskirenn og skape litt meir status rundt sommarsesongens tilbod. Det vart noko fleire deltakarar på rulleskirenna,

4. Nasjonale renn

Nyetablering av kretslag i langrenn for junior inkluderte også eit fullverdig støtteapparat med smørjeteam under vinterens Norgescup-renn og NM. Under dei nasjonale renna hadde Stig Gunnar Røthe organisert støtteapparatet og våre juniorar fekk eit strålende tilbod under konkurransane. Med mange deltakarar frå hordaland vart kostnadane også mykje lavare per utøvar enn tidlegare år.



Her eit knippe av våre juniorar som var med på nasjonale renn med kretslaget i sesongen 23-24 framføre vår eigen smørevogn.

Ved etableringa av vårt renntilbod gjennom kretslaget vart det synergjar også resultatmessig under dei nasjonale renna. Sjå under resultat der fleire nye namn blant dei som plasserte seg i høgt på listene.

Team Elon har gjennom vår elitesatsing gjeve våre beste seniorar eit godt sportsleg tilbod og hatt eit dyktig støtteapparat med smørjeteam på renn. I tillegg har me hatt fleire deltakarar på Team Anlegg øst, som er eit lag med utspring i Hordaland på trenar- og utøvarsida. Her har 3 hordalandsløparar fått eit sportsleg tilbod med både samlingsopplegg og rennoppfølging.

Hovedlandsrennet

Sesongens hovedlandsrenn gjekk på Gålå i februar. 17 deltakarar frå Hordaland var med på renna etter noko sjukdomsfråfall. Litt nedgang frå tidlegare år.

Rennet er det uofisielle NM for 15 – 16 åringane. Om dei ikkje var så mange som deltok frå hordaland som dei føregåande åra, så var resultata derimot så gode som dei kan få blitt med til dømes siger på 7,5 km fri for Håkon Samnøy Skjeldal Voss IL og 4. plass for Yvonne Berge Børsheim Voss IL på 5 km fri.



Håkon til topps på Gålå under Hovedlandsrennet og gutane klare for stafett.

5. Ungdomsstafetten

LK organiserte og foretok uttak til Kong Haralds ungdomsstafett i Holmenkollen for klassane 15 og 16 år. Hordaland deltok også i år med to lag. LK støttar dette arrangementet økonomisk. Utøvarane betaler ein eigenandel på 2000,- og resten dekker LK. Sjå eigen sak:

[Hordaland på Kong Haralds ungdomsstafett](#)

Desse var med frå hordaland:

J 15 år Ane Rognebakke Voss IL 1. lag
G 15 år Didrik Helle Bruås Fana IL 1. lag
J 16 år Yvonne Berge Børsheim Voss IL 1. lag
G 16 år Håkon Samnøy Skjeldal Voss IL 1. lag

J 15 år Sigrid Døssland Voss IL 2. lag
G 15 år Halle Gjerstad Bulken IL 2. lag
J 16 år Emma Rongve Brattebø 2. lag
G 16 år William Samland Eik Uskedalen IL 2. lag



Dei kjekke ungdomane som deltok på Kong Haralds ungdomsstafett for Hordaland skikrets.

6. Økonomi (for rekneskapsåret 2023, og ikkje sesong)

Langrenn fekk eit løft på omsetning og aktivitet utover 2023. Vinteren var det lavare aktivitet enn vanleg med eit færre deltakarar som skikretsen organiserte opphold og smørjeoppfølging for, enn tidlegare år. Etter etableringa av kretslag med auka samlingaktivitet og sponsorinntekter som gjekk til felles bekledning og samlingsstøtte, så har omsetninga tatt seg opp til å ende på ein liten auke frå fjoråret. Omsetninga enda på 868000,- for rekneskapsåret.

Inntektene kom frå deltakaravgift på ca 105000,- (høgare enn normalt grunna NC junior på Voss i februar), 185000,- frå sponsorane Voss sparebank, Vekselbanken og Inventura til kretslaget og Team anlegg øst og 25000,- i inntekt frå kretscupsponsoren vår Recover.

Langrennskomiteen nytta inntektene til eigenandelar Team Elon Vest, tilskot kretslagstilbod, tilskot nasjonale renn, tilskot hovedlandsrennsamling og tilskot Kong Haralds ungdomsstafett.

Totalt gjekk langrennsavdelingen med 30000,- i underskot for 2023.

7. Team Elon Vest

Hordaland Skikrets er medeigar i regionlaget Team Elon Vest i lag med Agder og Rogaland Skikrets, Sogn og Fjordane Skikrins og Norges Skiforbund. Team Elon Vest er ein sjølvstendig driftseining som ikkje i noko særleg grad skal gå på bekostning av drifta til langrenn for øvrig. Langrennskomiteen bidreg med ein eigenandel på kr 15000,- for kvar løpar fra Hordaland, medan skiforbundet sentralt står for mestedelen av driftstilskotet.

For Hordaland skikrets var desse utøverne med i sesongen 2023-24:

Gaute Kvåle	Røldal il
Vebjørn Turtveit	Voss il
Karoline Simpson Larsen	Vargar IL

Målet er at laget skal være en ressurs og inspirasjon for både løparar og trenarar i Hordaland Skikrets.

8. Kretslag

Ein av dei viktigaste løfta for langrenntilbodet i skikretsen denne sesongen var etableringa av eit kretslag i langrenn for junior. Laget vart etablert i samarbeid mellom Vossalangrenn, Voss gymnas og Hordaland skikrets. Initiativtakarar, ressurspersonar og viktige sponsorar fekk laga eit komplett tilbod for juniorane med samlingsplan for sommar og haust og etablering av eit profesjonelt støtteapparat med smørjeteam på dei nasjonale konkurransane. Dette tilbodet gjorde at skikretsen sørga for både samlings- og renntilbodet til langt fleire juniorar enn føregåande år. Om lag 30 deltakarar var med på samlings- og rennsesongen gjennom kretslaget. Tilbodet var opent for alle og var fleksibelt om ein var elev på Voss gymnas eller ikkje.

Sidan kretslaget som dekket tilbudet til eldre junior og senior vart lagt ned etter 2020 sesongen, så har det vorte etablert eit seniorlag Team anlegg øst, som har gjeve tilbod til dei satsande seniorane som ikkje har vore med på Team elon eller landslag. Dette har vore eit viktig samarbeid for skikretsen og har gjeve eit supert satsingstilbod for seniorane.

For juniorane har det nye kretslaget skapa eit tilbod som har vore etterlengta og gjev synergjar for Voss gymnas der auka søknad er målet og resultatet, skiklubbane får hjelp til å skape gode sportslege tilbod til juniorane og for Hordaland skikrets er det viktige ressursar og kompetanse gjennom Voss gymnas og Vossalangrenn som kretsen og alle utøvarane får glede av.

Voss sparebank, Vekselbanken og Inventura er sponsorar til kretslaget og har gjeve ei viktig drahjelp for det supre tilbudet langrennsjunioarane har fått i eigen skikrets.



Her frå samlinga med kretslaget på Korlevoll. Langtur løp ventar.

9. Heider frå langrennskomiteen NSF til Vigleik Tysseland Samnanger IL

Eldsjela Vigleik Tysseland frå Samnanger IL vart hausten 2023 tildelt utmerkinga «Årets ildsjel – Eneståande innsats for langrennssporten» under NSF langrenn sitt haustmøte.

For Samnanger IL og Hordaland skikrets har Vigleik stått for alt frå anleggsutvikling

på Totræna, trenarverv, arrangør- og TD
very, skismørjar og tilretteleggjar på alle
vis.

Den vel fortente prisen vart delt ut blant
sine egne i anlegget på Totræna, der
idrettslaget og kommunen hadde laga ei
flott markering for Vagleik.



10. Resultater

Her er en oversikt over alle topp 30-plasseringer:

Resultat hordalandsløparar sesongen 2023/24

Sjur Røthe, Voss IL

Verdenscup

50 km klassisk Oslo, 23 plass

Skiathlon 10+10 Trondheim, 20 plass

10 km fri Østersund, 24 plass

NM

Skiathlon 10+10 Beitostølen, 12 plass

Skandinavisk Cup

30 km klassisk Hommelvik, 3 plass

10 km fri Hommelvik, 7 plass

Vebjørn Turtveit, Voss IL

NM

10 km fri, 20 plass

Skiathlon 10+10 km, 8 plass

10 km klassisk Lillehammer, 9 plass

60 km fri Lillehammer, 7 plass

Skandinavisk cup

Sprint fri Vuokatti, 12 plass

10 km klassisk Vuokatti, 17 plass

20 km fri Vuokatti, 14 plass

20 km klassisk Otepaa, 26 plass

10 km fri Vuokatti, 12 plass

30 km klassisk Hommelvik, 5 plass

10 km fri Hommelvik, 9 plass

Norgescup

20 km klassisk Lygna, 13 plass

20 km klassisk Nes, 5 plass

10 km fri Nes, 25 plass

10 km klassisk Gålå, 10 plass

10 km fri Gålå, 16 plass

Gaute Kvåle, Røldal IL

NM

50 km fri Lillehammer, 27 plass

10 km fri Beitostølen, 11 plass

20 km skiathlon, 22 plass

Skandinavisk Cup

10 km klassisk Vuokatti, 28 plass

20 km fri Vuokatti, 5 plass

10 km fri Otepaa, 7 plass

20 km klassisk Otepaa, 25 plass

10 km fri Hommelvik, 4 plass

30 km klassisk Hommelvik, 10 plass

Norgescup

20 km fri Gålå, 5 plass
20 km fri Lygna, 4 plass
10 km fri Nes, 26 plass
20 km klassisk, 9 plass

Daniel Dukstad, Voss IL**NM**

10 km fri Beitostølen, 25 plass

Skandinavisk cup

20 km fri Vuokatti, 28 plass
30 km klassisk Vuokatti, 26 plass

Karoline Simpson-Larsen, Vargar IL**NM**

10 km fri Beitostølen, 15 plass
5 km klassisk Lillehammer, 23 plass

Skandinavisk Cup

10 km klassisk Vuokatti, 9 plass
20 km fri Vuokatti, 7 plass
20 km klassisk Otepaa, 7 plass
10 km fri Otepaa, 11 plass
30 km klassisk Hommelvik, 11 plass
10 km fri Hommelvik, 3 plass

Norgescup

10 km klassisk Gålå, 18 plass
20 km fri Gålå, 13 plass
20 km fri Lygna, 12 plass
10 km fri Nes, 5 plass
20 km klassisk Nes, 5 plass

Tine Alfstad Olsen, TIF Viking

15 km fri NM Nybygda, 12 plass
10 km fri Lygna, 15 plass
7,5 km klassisk Granåsen, 28 plass
10 km fri Granåsen, 14 plass
5 km klassisk Lillehammer, 15 plass
15 km klassisk Skeikampen, 9 plass

Synne Opphaug Røthe, Voss IL

15 km fri NM Nybygda, 21 plass
10 km klassisk Lygna, 29 plass
10 km fri Granåsen, 24 plass
